

Evaluering av stadleg leiing ved lokalsjukehusa



30.10.2018 Margun Thue, Sogndal 26.10.2018

Skal avklare rolle og ansvar for stadleg leiari

- Frå 2011-2013 vart utviklingsprosjektet Framtidas lokalsjukehus gjennomført ved Nordfjord sjukehus. Ansvaret for gjennomføringa hadde Helse Vest på vegne av statsråden for helse- og omsorg.
- I kjølvatnet av dette prosjektet vart det oppretta stillingar som stadlege leiatarar ved begge lokalsjukehusa i Helse Førde, først på Nordfjordeid og sidan i Lærdal.
- I Nasjonal helse- og sjukehusplan ligg det og føringar om at sjukehus skal ha stadleg leiing.

Skal avklare rolle og ansvar for stadleg leiar

- Stadleg leiing ved Nordfjord og Lærdal sjukehus har no fungert i høvesvis tre og to år.
- Eit prosjekt skal i haust vurdere om leiarmodellen fungerer godt nok, eller om det er behov for å endre eller justere denne funksjonen ved lokalsjukehusa våre.
- Målet med prosjektet er å sikre at dei stadlege leiarane ved lokalsjukehusa har ei tydeleg rolle og avklart ansvar i Helse Førde sin leiarstruktur.
- I dette ligg at vi må vurdere om det er behov for å endre på dagens modell, og i så fall tilrå ein framtidig modell og kva konsekvensar ei eventuell endring vil få.
- Det har heile tida vore føresetnaden å gjennomføre evalueringa som no er på gang.

Skal avklare rolle og ansvar for stadleg leiari

- Både kommunane, tillitsvald og hovudverneombod har fått plass i prosjektgruppa.
- Prosjektet skal vurdere korleis stadleg leiing skal fungere i den samla leiarmodellen i Helse Førde.
- Prosjektgruppa er samansett av personar som har eit overordna ansvar for klinikkane og avdelingar som har aktivitet ved lokalsjukehusa i tillegg til distriktspsykiatriske senter.
- Prosjektet vil innhente synspunkt frå leiistar, tillitsvalde og vernetenesta ved lokalsjukehusa og frå leiinga i dei kommunane som høyrer til dei to lokalsjukehusa.
- Prosjektet er planlagt avslutta innan 31.12.2018, og den endelege avgjerda vil bli fatta på overordna nivå.

Stadleg leiing (SL) i dag

Plass i organisasjonen:

- Underlagt administrerende direktør og skal rapportere til han.
- SL har samordningsansvar, koordinerande funksjonar mellom øvrige leiarnivå og rapporterer til direktørmøtet i Helse Førde.
- I saker som gjeld lokale beredskapsplaner er oppfølging og rapportering til beredskapssjef
- Ved mobilisering knytt til kriser eller katastrofar er SL administrerende direktør sin kontaktperson i lokal beredskapsleiing

Stadleg leiing (SL) i dag

Ansvar og oppgåver:

- Ansvar for at sjukehuset er koordinert slik at den faglege og administrative standard er høg, og at det er tilrettelagt for kontinuerleg fagleg og administrativ utvikling og effektivisering
- Ansvar for at Helse Førde sine strategiar vert understøtta
- Ansvar for samordning av utviklingsarbeidet relatert til gjennomføring av «Framtidas lokalsjukehus», og rapportere særskilt på dette arbeidet
- Lokal beredskapsleiar i høve kriser og katastrofar, og syte for at sjukehuset sin samla beredskapsplan er operativ og kjend i organisasjonen

Stadleg leiing (SL) i dag

Ansvar og oppgåver:

- Representerer LSH i tett samarbeid med kommunikasjonssjef og kan internt koordinere kontakt med massemedia når det gjeld sjukehuset si drift
- Koordinere bruk og forvaltning av areal ved sjukehuset på ein slik måte at det understøttar krav om god og økonomisk arealforvaltning
- SL skal, i samarbeid med samhandlingssjef, halde kontakt med samarbeidande kommunar når det gjeld overordna tilhøve mellom kommunar og lokalsjukehus. Her under oppfølging av samarbeidsavtalar og naudsynt koordinering relatert til samarbeidsmøte

Stadleg leiing vs fagspesifikk leiing (klinikkorganisering)

Prosjektet skal vurdere ansvar, mynde – handlingsrommet

Vi ser:

- Stort potensiale i å sjå organisasjonen som heilskap og på tvers
- Kunne hente ut positive effektar
 - Budsjettprosesser
 - Heilskaplege tilbod til pasientane
 - Samhandling med kommunane
 - Lokal leiarstøtte

Skal vurdere:

- Behov for endringar i kva ansvar og mynde som skal ligge til stillinga
- Meir forpliktande avtalar med fagavdelingane om samarbeid

Skal avklare rolle og ansvar for stadleg leiari

Vegen vidare saman med kommunane:

- Kommunal representant i prosjektgruppa: Øyvind Bang Olsen
- Samarbeid med KS: Frode Kyrkjebø
- Møte i regionråda: veke 37
- Høyring av kommunane
 - Innspel på modellen for stadleg leiing i Helse Førde
 - Innspel på ein god og effektiv måte vi kan få hente inn innspel frå kommunane
 - Metode
 - Målgrupper

Samarbeid og arbeidsglede → god pasientbehandling

